



SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr. i utval
Hovudutvalet for Teknisk og Næring	31.01.2012	012/12
Kommunestyret	08.02.2012	014/12
Kommunestyret	22.02.2012	019/12

Saksbeh: Sigbjørn Haugen	Saka vert avgjort av: Kommunestyret	Arkiv: N-101.4	Arkivsaknr. 11/30
------------------------------------	---	--------------------------	-----------------------------

Kommuneplan arealdel 2011 –2021. Andre høyringsrunde og utlegging til offentlig ettersyn

Dokument i saka:

Dok.nr.	T	Dok.dato	Namn	Tittel
1	U	10.01.2011	Fylkesmannen i Hordaland v/miljøvernavdelinga m.fl.,	Jondal kommune – kommuneplanen sin arealdel 2011 – 2021. Høyring av planframlegg
2	I	20.01.2011	Solvang/Norheim Invest AS	Innspel – Kommuneplan arealdel 2011 – 2021. Første høyringsrunde
3	I	25.01.2011	Reidun H. og Gunnar Dalseth	Innspel i forslag til ny kommuneplan
8	I	25.01.2011	Anntte og Hans Sigvard Galtung	Innspel kommuneplanen
4	I	29.01.2011	Björg H. Huus og Knut Haugen	Innspel til kommuneplanen
5	I	29.01.2011	Björg Haugen Huus	Innspel til kommuneplanen
6	U	03.02.2011	Fylkesmannen i Hordaland v/miljøvernavdelinga m.fl.,	Jondal kommune – kommuneplanen sin arealdel 2011 – 2021. Høyring av planframlegg
7	I	07.02.2011	Hordaland fylkeskommune Regionalavd – planseksjon	Utsetjing 1 veke – til 11.mars
9	I	15.02.2011	Hordaland Fylkeskommune	Ber om utsetjing av høyringsfristen.

11	I	15.02.2011	avd. Vest Fiskarlagets Servicekontor AS	Innspel til kommuneplan
10	I	16.02.2011	Arne Dyngeland	Innspel til kommuneplanen sin arealdel
12	I	20.02.2011	Liv Svåsand	Merknad til areadel-kommuneplan.
14	I	21.02.2011	Gunnlaug Svåsand	Innspel til kommuneplanen
15	I	21.02.2011	Kystverket vest	Innsigelse – kommuneplanens arealdel 2011–2021
13	U	22.02.2011	Fylkesmannen i Hordaland	Område 7. Vassel gard II. Kartreferanse FT 2
20	I	22.02.2011	Harald Sollesnes	Merknader og innspel til kommuneplan, delplan Svåsand
21	I	22.02.2011	Harald Sollesnes	Merknader og innspel til kommuneplan, delplan Solesnes
16	I	23.02.2011	Gunnhild og Georg Røstbø	Innspel til kommuneplanen
18	I	25.02.2011	Fylkesmannen i Hordaland v/miljøvernavdelinga m.fl.,	Uttale til kommuneplan arealdel 2011 – 2021.
19	I	25.02.2011	Haldis og Svein Johan Bakke	Uttale til kommuneplan arealdel 2011 – 2021.
24	I	26.02.2011	Toralv Børve	merknader til kommuneplanens arealdel
26	I	26.02.2011	Olav Bjørke	Innspel til kommuneplanen sin arealdel, 2011 – 2021.
44	I	26.02.2011	Olav Bjørke	Kommuneplan arealdel 2011 –2021. Innspel.
25	I	27.02.2011	Eva Mælen	Innspill til arealdelen av kommuneplanen
17	I	27.02.2011	Eli Margrethe Flatabø	Merknad til kommuneplan arealdel 2011 –2021. Første høyringsrunde
23	I	28.02.2011	Direktoratet for mineralforvaltning	Arealdelen av kommuneplanen 2011– 2021 for Jondal kommune
37	I	01.03.2011	Jon Arvid og Jorunn I L Underhaug	Klage på kommuneplanen for Jondal.
22	I	01.03.2011	NVE	Fråsegn til offentlig ettersyn av kommuneplanens arealdel 2011–2021
27	I	02.03.2011	Marin Harvest Norway AS	Innspel til kommuneplan Jondal kommune
28	I	02.03.2011	Leif Galtung	Merknader til arealdelen av kommuneplanen
29	I	02.03.2011	Trodis Myrliid Sundnes	Kommuneplanen sin arealdel – høring av planframlegg
36	I	02.03.2011	Odd Samland, Magnus Eiken, Hans Magnar Samland Jon S Skeie	Kommuneplan arealdel 2011 –2021. Uttale.
34	I	02.03.2011	Carsten Grønhaug, Henning Grønhaug Leif Johannes Grønhaug	Kommuneplan arealdel 2011 –2021. Innspel til arealplan.

46	I	02.03.2011	Harald Prestegard	Merknad til kommuneplan arealdel 2011 –2021.
39	I	03.03.2011	Fiskeridirektoratet	Kommuneplan arealdel 2011 –2021. uttale.
41	I	03.03.2011	Eldbjørg og Per Gunnar Hammer	Kommuneplan arealdel 2011 –2021. Merknad til planen.
42	I	03.03.2011	Per Gunnar Hammer	Kommuneplan arealdel 2011 –2021 – Innspel.
43	I	03.03.2011	Statens Vegvesen	Kommuneplanen sin arealdel 2011 – 2021. Vår uttale av planframlegg.
38	I	03.03.2011	Berit og Haldor Tuvin	Kommuneplan arealdel 2011 –2021. høyring av planframlegg.
30	I	03.03.2011	Magnar Sollesnes	Kommuneplan arealdel 2011 –2021. Uttale
31	I	03.03.2011	Jondal Kr.f.	Kommuneplan arealdel 2011 –2021. Høyringsuttale.
32	I	03.03.2011	Jan Ove Eide	Kommuneplan arealdel 2011 –2021. Merknader.
33	I	03.03.2011	Grunneigarar på Flatabø	Kommuneplan arealdel 2011 –2021 Innspel.
35	I	04.03.2011	Magnus og Frøydis Eiken	Kommuneplan arealdel 2011 –2021. Merknader og innspel.
54	I	04.03.2011	Ing. Egil Ulvund AS	Innspel vedk. Stølheim bustadfelt på Torsnes
40	I	04.03.2011	Svein Torger Guntveit	Kommuneplan arealdel 2011 –2021. Merknad
45	I	04.03.2011	S. Haugen eiendom as	Kommuneplan arealdel 2011 –2021. Uttale.
48	I	04.03.2011	Barn- og unges representant i plansaker	Uttale til kommuneplan arealdel 2011 – 2021. Første høyringsrunde
49	I	04.03.2011	Lars Olav Haugen	Kommuneplan arealdel 2011 –2021. Merknader.
50	I	04.03.2011	Håkon Sandven	Kommuneplan arealdel 2011 –2021. uttale.
51	I	04.03.2011	Jondal Stål AS	Merknad til kommuneplanen
53	I	04.03.2011	Thorleif Solheim	Vedlegg til innspel arealplan.
47	I	05.03.2011	Kari Williams	Kommentarar Kommuneplan arealdel 2011 –2021.
52	I	07.03.2011	Dag Belsnes	Innspel arealdel av kommuneplanen gbnr 18/2
55	I	11.03.2011	Hordaland fylkeskommune	Fråsegn til høyringsforslag
56	I	23.03.2011	Lars O. Eide	Innspel arealplanen.
59	I	28.03.2011	Ingunn Storesletten Ausland	Søknad om omregulering av gnr 50, bnr 5 i Jondal.
57	I	10.04.2011	Eva Mælen	Innspel til arealplan.
58	I	13.04.2011	Solvang/Norheim Invest AS	Oppfordring til Jondal kommune

61	U	20.06.2011	Laila Bergsagel	Om svar på innspel til arealplan
62	I	07.07.2011	Det kongelige miljøverndep.	Planlegging i områder med fare for flom og ras
63	I	25.08.2011	Laila Dyngeseth med familie v/Geir Jostein Dyngeseth	Kommentar til areal- og kommuneplan for Jondal kommune 2011 - 2021
64	U	26.10.2011	Fylkesmannen i Hordaland v/miljøvernavdelinga m.fl.,	Framlegg til endringar i arealplanutkast for Jondal kommune -første høyring
65	I	15.12.2011	Fylkesmannen i Hordaland v/miljøvernavdelinga m.fl.,	Uttale til revidert planframlegg til kommuneplanen sin arealdel

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Plan- og bygningslova §11-14

Saksopplysningar:

Vedtak om utsending på høyring og utlegging til offentleg ettersyn av planframlegg vart gjort av Jondal kommunestyre i møte den 08.12.2010 sak KS-065/10. Høyringsfristen var sett til 4 mars 2011. Etter spørsmål frå Hordaland fylkeskommune vart høyringsfristen utsett til 11.03.11

Innan fristen var det kome inn 46 uttalar til planutkastet.

Nedanfor fylgjer samandrag av alle uttalar med framlegg til endringar/kommentarar.

Framlegg til endringar/kommentar for kvar uttale er tilføydd etter at saka vart utsett i kommunestyremøte 08.02.2012. Dette er redigering av saksopplysningane og i samsvar med vedtak i HTN sak 012/12.

1.Fylkesmannen i Hordaland - merknader oppsummert.

Arealdelen til kommuneplan for Jondal manglar planomtale og det er difor vanskeleg å sjå prioriteringane i planen. Det er lagt opp til mykje utbyggingsareal for bustader, særleg i høve til folketalsutviklinga. Ein del av områda er i konflikt med jordvernomsyn og strandsonevernet. Det vert difor fremja motsegn til desse. Det gjeld områda: FT1- Mælsviki, T3-Herandsvatnet, FT-2Vassel Gard, FT5-Neset, FT8-Tømmervik, B22 og B24 Torsnes, LNF6-Bjødnvika, B27-Furevik, FT10-Breivik og FT11-Byrkjeland.

Det er også knytt motsegn til nokre av føresegnene i høve til ivaretaking av jordvern og strandsona. ROS-analysen er heller ikkje tilfredsstillande. Korleis naturmangfaldet er ivaretatt i høve til naturmangfaldlova må gå fram av planen.

Framlegg til endringar:

- FT1 Mælsviki, redusert omfang. Område lengst mot nord er tilbakeført til LNF.
- For FT3 Herandsvatnet er det ikkje gjort endringar.
- FT2 - Vassel gard er tilbakeført til gjeldande planstatus.
- FT5 Neset endra ved at tomt for utleigehytter er trekt tilbake frå stranda og strandsona tilbakeført til LNF.

- FT8 Tømmervik endra ved at arealet er tillagt eksisterande bustadområde B11. B22 og 24 Torsnes, B22 er endra til LNF spreidd bustadbygging og B24 er tilbakeført til LNF og nytt B24 er flytta til området mellom dyrka mark og N20.
- LNF 6–Bjødnvika er tilbakeført LNF.
- B27 Furevik endra ved tilbakeføring av dyrka mark til LNF.
- FT10–Breivik er redusert i omfang.
- FT11– Byrkjeland er endra flytta bort frå dyrka mark i retning mot kraftstasjon.
- Føresegnar er endra i samsvar med merknad når det gjeld jordvern og strandsone.
- ROS-analyse er endra i høve til nye akseptkriterium.
- Naturmiljø er vist som omsynssoner i plankartet jfr pkt 7.02.02 i føresegnene.
- Det er utarbeidd planomtale.

2. Hordaland fylke – merknader.

Vi viser til brev dagsett 10.01.2011 der kommuneplanens arealdel vert sendt på høyring. Saka vart handsama i Kultur- og ressursutvalet 8. mars. Det vart fatta følgjande vedtak:

- ”1 Forslaget til kommuneplanens arealdel i Jondal er i hovudsak i samsvar med regional politikk og satsingsområde. Det er positivt at planen har fokus på lokalsamfunnsutvikling og at tilrettelegging for fritid og reiseliv er i god gjenge.
- 2 For at kommuneplanens arealdel for Jondal skal vere fullstendig og fylle lovkravet må det utarbeidast planomtale. Konsekvensutgreiinga er fyldig og informativ, men noko mangelfull og lite konsekvent når det gjeld vurdering av konsekvensane ny arealbruk har for kulturminne.
- 3 **Kulturminne**
Kultur- og ressursutvalet fremjar motsegn til følgjande byggeområde grunna konflikt med kjende freda kulturminne, eller kulturminne av høg regional verdi:
 - Framtidig parkeringsplass P2 på Herand vil verka negativt innpå det freda kulturminnet Herand sag (askeladden id 87193).
 - Framtidig småbåthamn SB2 på Herand er i direkte konflikt med eit freda vrak, askeladden id 127636
 - Framtidig offentleg areal OPT12 i Jondal sentrum som er regulert til spesialområde vern for å sikre sveitserhusbebyggelse med frukthage
 - Framtidig utviding av næringsareal N9 i Jondal sentrum som er regulert til spesialområde vern for å sikre bustadhus i sentrumsområde
 - Framtidig Fritids- og turistføremål FT10 ved Breivik vil verka negativt inn på eit lite kulturmiljø med lykt og freda gravrøys (Askeladden id 112520). Byggegrensa ligg 4 meter frå gravrøysa
 - Framtidig fritidsbustad FB22 i Krossdalen er i konflikt med Askeladden id 112825 klebersteinsbrot
 - Delar av framtidig LNF7 mellom vegen og sjøen på gnr. 50 bnr. 1 på grunn av nærleik til 2 gravrøysar (H570_2) Askeladden id 112517 og 112518

Føresegnene for LNF-område med høve til spreidd utbygging tek ikkje nok omsyn til potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne.

- Kultur- og ressursutvalet fremjar motsegn til føresegnene. Motsegna fell bort dersom kommunen innarbeider i føresegnene følgjande punkt: Kvar einskild byggesak innafor LNF-område med høve til spreidd utbygging skal sendast kulturvernmyndet for avklaring i høve til Kulturminneloven.

I byggeområde SB6, SB9, B12, B13, B14, B31 er det kjende funn i nærleiken eller dei har potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne.

- Kultur- og ressursutvalet fremjar motsegn til desse områda dersom det ikkje vert innført plankrav slik at kulturvernmynde har høve til å vurdera undersøkingsplikta, jmf. § 9 i Kulturminneloven.

Hordaland fylkeskommune tek atterhald om byggeområda i planen inntil undersøkingsplikta i kulturminnelova er oppfylt (§ 9). Dette gjeld både land og sjøområde.

4 **Kulturlandskap og friluftsliv**

Kultur- og ressursutvalet fårår:

- Framtidig fritids- og turistområde FT3 på Herand på grunn av innverknad utbygginga vil ha på eit regionalt viktig kulturlandskapsområde
- Framtidig fritids- og turistområde FT5 på Herand på grunn av negativ innverknad på kulturmiljø i Herand sentrum og på badeplassen
- Framtidig næringsareal N11 dersom det er ikkje teke omsyn til den første kraftstasjonen i kommunen, bygd i 1911
- Framtidig bustadområde B17 Brekke i samsvar med fråråding i konskvensutgreiing, som viser til negativ verknad for landskap, naturrisiko og infrastruktur
- Framtidig bustadområde B19 Sætveithagen 1. Området bør ikkje endrast frå friområde til bustadområde.

5 **Akvakultur**

- 5.1 Kultur- og ressursutvalet peiker på at områda avsett til akvakultur er små og at planforslaget ikkje tar høgd for framtidig næringsutvikling og struktur innan havbruksnæringa. Følgjande område for akvakultur (AK) i planforslaget er ikkje i samsvar med anleggsplasseringa eller har fortøyingar som strekkjer seg utanfor:
- Lokalitet Gangdal er etablert midt i ein låssetjingsplass. Det er ikkje samsvar mellom AK-området og anleggsplasseringa.
 - Lokalitet Saltkjelen II ligg ikkje i samsvar med løyve av 14.10.2009. Anlegget ligg utanfor AK-område og har i tillegg fortøyingar som strekkjer seg langt utanfor.

Areal avsett til akvakultur må vere i samsvar med anleggsplassering og løyve. Det er knytt motsegn til planen på dette punktet.

- 5.2 Følgjande område har fortøyingar som strekkjer seg utanfor AK-område:

- Lokalitet Saltkjelen II
- Lokalitet Kysnes i samsvar med AK-område, men fortøyingar utanfor.
- Lokalitet Straumsundet i samsvar med AK-område, men fortøyingar truleg utanfor.
- Lokalitet Vikane i samsvar med AK-område, men fortøyingar utanfor.
- Lokalitet Svåsand i samsvar med AK-område, men fortøyingar langt utanfor.

Arealformål og føresegner må sikre at areal rundt anlegg kan nyttast til fortøyingar. Området rundt anlegg må avsetjast til føremål som opnar for fleirbruk, eller det må utarbeidast bindande føresegner til området slik at fortøyingar vert tillete. Det bør også vurderast å regulere for ulike føremål i vassoverflate, vass-søyle og botn, slik plan- og bygningslova opnar for.

Det er knytt motsegn til planen på dette punktet.”

Framlegg til endringar:

- P2–Herand er teken ut av planen og tilbakeført til LNF.
- SB2–Vik/Skjeret er oppretthalden som småbåthamn.
- OTP12 i Jondal er teke ut av planframlegget.
- N9 i Jondal vert oppretthalde.
- FT10 Breivik redusert i omfang. Omsynssone for kulturminne er utvida.
- FB22 i Krossdalen vert oppretthalde. Omsynssone for kulturminne vert vist i planen.
- LNF7–Furevik. Omsynssone for kulturminne er utvida.
- Føresegnene er endra i høve byggjesaker i områder LNF– spreidd (kulturminne)
- Motsegn som gjeld områda SB6, SB9, B12, B13 er imøtekome ved at føresegnene endra slik at det er plankrav.

- Areal avsett til akvakulturanlegg er justert i samsvar med faktisk anleggsplassering og område til fortøyningar er vist på plankartet (FFNFA)

3. Statens vegvesen – merknader.

Statens vegvesen peikar på at det ikkje er utarbeidd planskildring til planen. Det vert peika på at endring i trafikkmønster og mengde på Fv 105, 107 og 550 som konsekvens av opninga av Jondalstunnelen bør vera ein del av ei planskildring. Vidare vert det bede om nokre endringar i utkastet til føresegner.

Framlegg til endringar:

- Føresegnene er endra i samsvar med veglova.

4. Fiskeridirektoratet Region Vest – merknader.

Fiskeridirektoratet Region Vest godkjenner planutkastet slik det er lagt fram, men ber om at det vert teke kontakt med Bremnes seashore ved realisering av småbåtanlegget vist i Saltkjelen.

Kommentar: Teke til orientering

5. Kystverket Vest – vurdering.

Kystverket Vest varslar motsegn mot planen grunna manglande markering i plankartet for oppankringsplass ved innløpet til Jondal hamn. Motsegna vil falla bort om dette vert gjort.

Framlegg til endringar:

- Oppankringsplassen er teken inn i planen.

6. Direktoratet for mineralforvaltning – merknader.

Direktoratet for mineralforvaltning godkjenner planutkastet slik det er lagt ut.

Kommentar: Teke til orientering

7. Norges vassdrags- og energidirektorat – vurdering.

NVE peikar på at ikkje alle skredutsette område i potensielle utbyggingsområde er vist med omsynssymbol. Dette må rettast opp. Fleire elvar enn Jondalselva bør visast med omsynssymbol. Byggjegrensa mot vassdrag bør differensierast. NVE er kritisk til at byggjegrensa er sett til 0 m for tiltak i landbruket. Det vert vist til Vassressurslova § 11. Viktige reguleringsmagasin for kraftproduksjon bør markerast med omsynssone/område som er bandlagt etter vassressurslova med føremål Reguleringsmagasin.

Framlegg til endringar:

- NVE sine merknader er innarbeidd i plankart og føresegner.

8. Fiskarlaget Vest – vurdering.

Fiskarlaget Vest godkjenner planforslaget slik det er lagt ut.

Kommentar: Teke til orientering

9. Solvang/Norheim Invest AS ynskjer bustadareal B 20, Sætveithagen II, utvida mot sør slik at deira eigedom vert innlemma i B 20.

Framlegg til endringar:

- Nytt tiltak FB29, utarbeidd KU i praksis utvidig av FB18 mot nord.

10. Reidun Haugen Dalseth og Gunnar Dalseth meiner det vert satsa for mykje på utlegehytter i høve til fritidsbustader spesielt i Herand.

Kommentar: Teke til orientering

11. Bjørg Hus og Knut Haugen ynskjer gnr/bnr 12-5 og 11-12 ved Låtå lagt ut til fritidsbustad i planen.

Kommentar: Tiltaket er ikkje teke inn i planframlegget, men kan fremjast på nytt ved rullering.

12. Bjørg Hus ber om at det på gnr 12 bnr 2, Låto, vert gitt løyve til å setja opp eit naust og ein fritidsbustad.

Framlegg til endringar:

- Nausttomt er teke inn i planframlegget N10.
- Tomt for fritidsbustad er ikkje teke inn i planframlegget, men kan fremjast på nytt ved rullering.

13. Arne Dyingeland har merknad til at del av hans eigedom mellom hovudvegen og sjøen på Svåsand er innlemma i arealkategori kulturvern saman med naustrekkja på Svåsand.

Kommentar: Merknaden er ikkje teke omsyn til. Framlegget vert oppretthalde for å ivareta heilskapen i naustmiljøet på Svåsand

14. Liv Svåsand ber om å få utskifta naustrett tett ved Tverrbekken på Svåsand, tilhøyrande gnr 13 bnr 43, merka av i planen.

Framlegg til endringar:

- Nausttomt er teke inn i planframlegget N11.

15. Gunnlaug Svåsand er eigar av nausttomt gnr 13 bnr 9 mellom Tverrbekken og Tømmervik. Gunnlag Svåsand ynskjer at nauttomta skal merkast av i planen.

Framlegg til endringar:

- Nausttomt er teke inn i planframlegget N11.

16. Gunnhild og Georg Røstebø. Gjeld gnr 2 bnr 1+4 I Mælen. Ynskjer setja opp att nedrasa løe og naust tilhøyrande bruket. Ynskjer vidare løyve til å setja opp 2 nye bustadhus i tilknytning til gardstunet. Føreslår i plansamanhang å leggja ut Mælen som LNF med løyve til spreidd bustadbygging.

Framlegg til endringar:

- Merknaden er dels imøtekomen ved at det vert avsett eit område LNF9 for 4 bustader i Mælen.

17. Kåre og Eli Flatabø. Gjeld framlegg om utlegging av areal rundt Vassdalsvatnet til fritidsbusetnad. Ynskjer avmerka område på vedlagt kart skal omklassifiserast til LNF.

Framlegg til endringar:

- Merknaden er imøtekomen.

18. Haldis og Svein Johan Bakke. Gjeld gnr 9 bnr 10 Strondi. Ynskjer merka av ei hyttetomt mellom fylkesvegen og sjøen i området der to andre hytter er skilt ut frå same eigedom.

Framlegg til endringar:

- Merknaden er imøtekomen ved oppretting av LNF10 for ein fritidsbustad.

19. Harald Sollesnes har to merknader til planutkastet. Det gjeld ei nausttomt på strekninga Tverrbekken – Tømmervik tildelt i jordskiftet på gnr 13, Svåsand. Nausttomta ligg i eit område med fleire utskilde nausttomter frå same jordskifte. Ynskjer at det vert funne ei felles løysing for desse tomtene. Ynskjer vidare to tiltak på gnr 15 bnr 14 på Solesnes innanfor område B 14

Framlegg til endringar:

- Nausttomt er teke inn i planframlegget N11.
- Grense for kulturbevaring flytta mot aust for B14.

20. Toralv Børve. Gjeld gnr 50 bnr 13. Ynskjer omklassifisera LNF 8 til LNF kode 5001. Etterlyser "tomt nr 77" sør for B 30 på Hammaren. Ynskjer skifta ut flytebryggje på SB 6 med molo.

Framlegg til endringar:

- SB6 er endra frå flytebryggje til molo. KU er justert.
- LNF8 vert oppretthalde uendra.

21. Eva Mælen. Gjeld gnr 2 bnr 3 på Mælen. Ynskjer byggja 2 nye bustadhus på bruket. Ynskjer vidare at Mælen vert klassifisert som LNF kode 5010 (LNF areal for spreidd bustadbusetnad).

Framlegg til endringar:

- Merknaden er imøtekomen ved at det vert avsett eit område LNF9 for 4 bustader i Mælen.

22. Marineharvest. Det vert bede om at lokaliteten på Svåsandsneset vert utvida i tråd med innspel til planen.

Framlegg til endringar:

- Merknaden er imøtekomen.

23. Leif Galtung. Merknaden gjeld fleire punkt:

- meiner at bytesgrenser skal visa på kartet.
- ynskjer FB 18 forlenga til Libru.
- ynskjer eit areal på nedsida av den nye fylkesvegen ved Asalesletta lagt ut til hyttetomter.
- støttar Hans Sigvard Galtung sine tankar om vegframføring til B 25 dersom dette vert aktuelt.
- etterlyser tomtene i Øvre Brakelhaugbråtet i Område 4-kartet.
- etterlyser grunngjeving for at innspel om villmarksleir m.m. i området ved Torsnesvatnet og eit alternativ for bygdefolk til å få byggja hytte på Fjellstøl ikkje er komme med i "Ikkje tilrådde innspel".
- har vanskar med å sjå at restriksjonane i høve bandlegging av nedslagsfelt for drikkevatt er letta slik det vart sagt under innleiinga av planarbeidet.
- spør kvifor det ikkje er bandlagt areal i høve nedslagsfelt for drikkevatt på Kysnes og i Krossdalen.

Kommentar: Teke til orientering.

Utviding og nye område for fritidsbustader kan vurderast ved rullering av planen.

Bandlegging av drikkevasskjelder vil verte vurdert i samband med kommunedelplan for vassforsyning og avlaup.

24. Tordis Myrliid Sundnes. Gjeld to utskilde tomter frå gnr 36 bnr 7. Ber om at tomtene med tilkomstveg vert teikna inn på kartet.

Framlegg til endringar:

- Merknaden er imøtekomen ved at det vert avsett eit område LNF12 for inntil 2 fritidsbustader

25. Olav Bjørke. Ber om at heile gnr 15 bnr 4 og gnr 14 bnr 30 vert lagt ut til føremålet 1110-N, Frittliggjande bustader.

Framlegg til endringar:

- Merknaden er dels imøtekomen ved at område LNF3 vert utvida mot nord-vest.

26. Berit og Halldor Tuvin. Det vert lagt inn merknad mot føreslegen veg fram til industriområdet på Sveleitet. Veggen vil forringa kulturbeitet og kulturlandskapet. Det vert

vist til Pbl 5.02.08 §§ 11–11 nr 2. Det vert vidare lagt inn merknad mot forslaget om utviding av bustadfeltet i Tveitehagen. Det vert vist til at dette er verdifull skogsmark for bruket. Ynskjer leggja ut deler av sitt areal på oppsida av fylkesvegen på grensa mot Strondi til hyttefelt.

Framlegg til endringar:

- Merknaden er delvis imøtekomen ved at N2 Sveleite og tilkomstveg er teken ut av planen.
- Vidare er omfanget av B8 Tveitehagen redusert med omlag 10 daa i nord–aust.
- Hyttefelt på Strondi er ikkje teke inn i planframlegget, men kan fremjast på nytt ved rullering.

27. Jon Steinar Skeie m.fl. Gjeld innspel frå alle rettshavarar på Samland om å leggja ut eit område i fjellet ved Samdalsstølen der kvar gard kan få setja seg opp ei hytte. Området må liggja utanom sjøve stølen, og det må takast omsyn til rasfare og tilgang til vatn.

Framlegg til endringar:

- Tiltaket er ikkje teke inn i planframlegget, men kan fremjast på nytt ved rullering.
- Bandlegging av drikkevasskjelder vil verte vurdert i samband med kommunedelplan for vassforsyning og avlaup.

28. Jon Arvid og Jorunn I L Underhaug. Ber om at heile hans område tilhøyrande gnr 30 bnr 1 i Holmane vert omklassifisert frå industri til landbruk (LNF). Meiner det vert teke for lite omsyn til fastbuande i sentrum både med tanke på trafikk på fylkesveg 105 og ved at ferjekaien blir verande der han er.

Framlegg til endringar:

- Merknaden er imøtekomen ved at området er tilbakeført til LNF

29. Magnar Sollesnes. Går mot framlegget om å leggja ut areal i Tryglavik til næringsareal, N6. Det vert argumentert med at området er føreslege lagt i eit fint naturområde, i randsona til verneområde, at det i området finst restar av ein gammal husmannsplass og at området ligg ueigna til samanlikna med kaiområde i nabokommunar og i høve til trafikk inn mot Jondal sentrum og trafikk gjennom Jonatunnelen som har høgdebegrensing for køyrety.

Kommentar: Teke til orientering N6 ivaretar KS vedtak om næringsareal til sjø.

30. Jondal KrF v/Egil Strømme. Går mot at det vert lagt ut næringsareal i Tryglavik, N6. Føreslår å setja av Vikefjora saman med arealet kommunen eig til badeplass, leikeplass for mindre born, ballplass for større born, park m.m. Føreslår å leggja næringsarealet i Holmane nærare Stølsdalselva kraftverk og skåna det beste jordbruksarealet.

Kommentar: Teke til orientering. N6 ivaretar KS vedtak om næringsareal til sjø. Friområde i Vik er teke inn i planen. Industriområdet i Holmane er redusert.

31. Jan Ove Eide. Gjeld gnr 32 bnr 9. Ynskjer gjera to endringar frå LNF til bustad. Det gjeld 2 tomter i yttergrensa av eigedommen på Sætveitneset og 1 tomt ovanfor fylkesvegen grensa til føreslege bustadfelt, Sætveithagen II.

Framlegg til endringar:

- Tomt ovanfor fylkesvegen er teken inn i B20
- Tomter på Sætveitneset er ikkje teke inn i planframlegget, men kan fremjast på nytt ved rullering.

32. Grunneigarar på Flatebø v/Trygve Baggegard Myrlid. Viser til framlegget i planutkastet om utvikling av området ved Vassdalsvatnet til fritidsbusetnad og ynskjer vist i planen korleis ein ser for seg området rundt vatnet utvikla med vegar,bruer og fiskeplassar.

Kommentar: Teke til orientering og vil verte avklara ved utarbeiding av reguleringsplan.

33. Leif Johannes Grønhaug m.fl. Gjeld gnr 36 bnr 48,49 og 51 Fabrikken I, II og III, N 11. Ynskjer området omklassifisert frå næring til næring og bustad.

Framlegg til endringar:

- Merknaden er imøtekomen.

34. Frøydis og Magnus Eiken. Gjeld gnr 5 bnr 6. Påpeikar at ingen av deira innspel til planen er komne med. Ynskjer primært eit området på Samland lagt ut med kode 5010, alternativt vert det sett fram ynskje om å få lagt ut eit privat bustadfelt. Dette framlegget er avmerka på vedlagt kart. Vidare er det merknader og spørsmål til framlegget til vedtekter. Når det gjeld desse, viser ein til dokumentet.

Framlegg til endringar:

- Merknaden er imøtekomen ved nytt tiltak B32 Det er utarbeidd KU.

35. Svein T. Guntveit. Har merknad til føreslege næringsareal i Jondalsholmane. Ber om at det vert planlagt veg i bakkant langs foten til lia i sør der det er planta mykje gran. Det må leggjast til rette for tilkomst til lia og lagringsplass for tømmer.

Framlegg til endringar:

- Merknaden er imøtekomen ved tilbakeføring til LNF.

36.Eldbjørg og Per Gunnar Hammer. Gjeld merknad til framlegg til vedtekter punkt 1.07 Næringsverksemd. Ynskjer teksten knytt til N14 Hammaren endra frå småskala handverk til lager, opplag, kontor, forretning, småskala handverk o.l. Ynskjer også kravet om reguleringsplan fjerna.

Framlegg til endringar:

- Merknaden er dels imøtekomen ved endring av arealøremål frå bustadt til LNF-spreidd.
- Føresegn for N14 er endra.

37. Jondal Næringslag v/Per Gunnar Hammer. Gjeld merknad til føreslegne næringsareal i planutkastet. Det vert særleg peika på Lunderdal og Jondalsholmane som viktige område å tilretteleggja for næring. Tryglavik vert vurdert som kostnadskrevjande, men bør liggja inne i planen som eit alternativ til sjø.

Kommentar: Teke til orientering

38. Jondal stål AS. Det vert stilt kritiske spørsmål til om konsekvensutgreiinga for ny ferjeoppstillingsplass i Jondal sentrum har vurdert tilstrekkeleg alle forhold. Det vert peika på negative konsekvensar av at kaianlegga i sentrum misser sin funksjon, helsemessige ulemper i nærmiljøet grunna auka trafikk, forureining, det må finnast alternativ til ilandstigning for turistbåtpassasjerar og oppstillingsplass for bussar til desse, tilbodet om diselfylling for båt vil forsvinna eller det må finnast alternativ, auka energibruk i høve alternativet i Vikane og auka trafikk gjev auka risiko. Det vert bede om at tiltaket ny ferjeoppstillingsplass vert vurdert på nytt.

Kommentar: Teke til orientering

39. S.Haugen eigedom AS. Gjeld område F1, gnr 10 bnr 7 i Herand. I tilknytting til område F1, gnr 10 bnr 7 i Herand er det i dag flytebrygge som fungerer som gjestebrygge for Herand handel og småbåthamn for eigar. Det er også tankanlegg for diesel ved sjøen.

Vi ber om at det vert sett av areal for småbåtanlegg i arealplanen i samsvar dagens bruk av området.

Framlegg til endringar:

- Merknaden er imøtekommen SB11. Det er utarbeidd KU.

40. Harald Prestegard. Gjeld området 31, bustadareal i Brekke – B17. Ynskjer dette området lagt ut som både bustadfelt for heilårsbustader og til fritidsbustader, alternativt dela feltet der den øvre delen kan vera for fritidsbustader. Det vert også peika på at det ikkje er samsvar mellom tilrådinga i KU for området og kartdelen.

Kommentar: Teke til orientering KU er retta.

41. Barn- og unges representant v/Else Opedal og Liv Helga Gulestøl. Barn og unge sine interesser vert drøfta i heile planområdet. Det vert gitt ei rekkje konkrete innspel og merknader. Det vert vist til uttalen med tanke på justeringar i planutkastet.

Kommentar: Teke til orientering og vil verte ivareteke ved utarbeiding av reguleringsplanar.

42. Lars Olav Haugen. Har merknad til utviding av gravplass i Herand. Ved utviding av gravplassen mot nord må det opparbeidast tenleg veg til resterande jord bruksareal. Arealet nord – nordvest for gravplass treng ikkje endra status frå jordbruk. Vidare vert det bede om at skogbruksinteressene må verta ivaretekne ved tømmervelteplassen ved Plasset.

Kommentar: Teke til orientering

43. Håkon Sandven. Meiner at bustadfelt B20, Sætveithagen II, går for langt mot nordaust. Meiner feltet bør stoppa ved skogsvegen.

Framlegg til endringar:

- Merknaden er imøtekomen ved justering av plangrense.

44. Dag Belsnes. Gjeld gnr 18 bnr 2. Ber kommunen vurderer om FB 23 kan utvidast mot nordaust i retning FB 24.

Framlegg til endringar:

- Merknaden er imøtekomen ved justering av plangrense.

45. Torleif Solheim. Presiserer kva område han ynskjer få lagt ut hyttetomter eventuelt hustomter.

Framlegg til endringar:

- Merknaden er imøtekomen ved justering av plangrense.

46. Hans Sigvard Galtung og Jondal bygg AS v /Egil Ulvund. Ber om at B 24 vert flytta mot aust til grensa mot planlagt næringsareal i Lunderdal. Det nye B 24 vil verta på ca 20 da og gje plass til 10–15 bueiningar alt etter grad av utnytting. Arealet er hovudsakleg fjell i dagen eller vegetasjonsdekke på fjell. Skisse er vedlagt.

Framlegg til endringar:

- Merknaden er imøtekomen ved flytting av B24. Ny KU er utarbeidd..

Laila Dyngeset har etter at høringsfristen gjekk ut kome med merknad til Område 55, Kysnes butikktomt, N12. Det vert vist til at 2. etg i bygget er tilrettelagt for bustad og ho ber om at føremålet også må omfatte bustad og fritidsbustad. Føresegnene pkt 1.07 Næringsverksemd, er på bakgrunn av merknaden føreslått endra for N12-Kysnes til også å omfatte bustad.

Som det går fram av merknadene er det fremja motsegner til planframlegget frå Fylkesmannen i Hordaland v/miljøvernavinga m.fl., Hordaland fylkeskommune, Kystverket Vest og Statens vegvesen:
Fylkesmannen i Hordaland fremjar motsegn til: FT 1 Mælsviki, T 3 Herandsvatnet, FT 2 Vassel Gard, FT 5 Neset, FT 8 Tømmervik, B 22 og B 24 Torsnes, LNF 6 Bjødnavika, B 27

Furevik, FT 10 Breivik og FT 11 Byrkjeland. Det er også knytt motsegn til nokre av føresegnene i høve til ivaretaking av jordvern og strandsona, til ROS-analysen. Hordaland fylkeskommune fremjar motsegn til: P 2 Herand sentrum, SB 2 Skjeret/Vik, OTP 12 Jondalsøyri, N 9 Ure/Jondal sentrum, FT 10 Breivik, FB 22 Øvre Krossdalen og LNF 7 Kysnes. Det vert vidare fremja motsegn mot føresegnene og mot aquakulturlokalitetane i Gangdal og Saltkjelen II.

Kystverket Vest fremjar motsegn til planutkastet grunna manglande avmerking av oppankringsområde ved innløpet til Jondal hamn.

Statens vegvesen fremjar ikkje motsegn formelt, men uttrykkjer krav til endring av vedtektene så klart at det må oppfattast som motsegn.

Etter drøftingsmøte med fylkesmannen og Hordaland fylkeskommune og synfaringar, vert det gjort framlegg om endringar i planframlegget. Framlegget om endringar er innarbeidd i KU for planen. Samstundes vert andre feil i KU oppretta.

Følgjande endringar er gjort i KU:

1. Område 1 – Mælsviki FT1 – endra, redusert omfang.
2. Område 5 – Samland B32, nytt tiltak.
3. Område 11 – Neset FT5, endra, tomt for utleigehytter trekt noko tilbake frå stranda.
4. Område 12 – Småbåthamn SB11, ved butikkai Herand. Nytt tiltak i tråd med eksisterande situasjon.
5. Område 13 – Parkering Herand sentrum – endra, P2 og P3 trekt ut.
6. Område 15 – Skjeret/Vik FT6 og SB2 – endra, naustområde vest for skjeret.
7. Område 17 – Plasset FT7 – endra, LNF i 25 metersbelte mot sjøen.
8. Område 18 – Låtå Naust10 – nytt tiltak. Tinglyst nausttomt.
9. Område 23 – Svåsandshagen I B10 – endra, arealet utvida i det sørvestre hjørnet.
10. Område 25 – Tømmervik FT8 – endra til LNF og B33.
11. Område 26 – Tømmervik Naust11 – nytt tiltak. Tinglyste nausttomter.
12. Område 29 – Solesnes B14 – endring, oppretting av feil og justering av grense for kultur/bevaring.
13. Område 31 – Vik N8/FR17/B34 – endring, utviding av FR17.
14. Område 33 – Brekke B17 – endring, oppretting av feil.
15. Område 37 – Ferje I – endring, i tråd med kommunest.vedtak. Alternativ Vikane teke ut.
16. Område 39 – Sætveithagen II B20 – endra, redusert i sør,utvida i nord.
17. Område 40 – Sætveithagen N10 – endra, redusert i sør.
18. Område 42 – Stekka FB29 – nytt tiltak. Utviding av FB18.
19. Område 46 – Torsnes/Stølheim B24 – endra, nytt B24 plassert mellom dyrka mark og N20.
20. Område 52 – Furevik B27 – endra, dyrka mark tilbakeført LNF.
21. Område 61 – Børve SB6 – endra, småbåthamn m/molo.
22. Område 64 – Breivik FT10 – endra, redusert omfang.
23. Område 65 – Byrkjeland FT11 – endring, FT11 flytta i retning den nye kraftstasjonen.
24. Område 66 – Øvre Krossdalen FB23 og FB24 – endra, FB23 utvida og FB24 redusert.

Område tilbakeført eksisterande planstatus:

1. Vassel gard II FT2.
2. Sveleitet N2.
3. Jondalsøyra OPT12.
4. Ferjekaialternativ Vikane.
5. Jondalsholmane N15.

Fylkesmannen har i brev av 15.12.2011 følgjande merknader til endringane:

Område 1 – Mælsvika FT1, trekkjer motsegna
Område 5 – Samland B32, Motsegn (nytt forslag etter høyring)
Område 5 – Herandsvatnet - T3. Opprettheld motsegn
Område 64 – Breivik, Opprettheld motsegn (til redusert omfang)

Når det gjeld **område 17, Skjeret/Vik SB2 og område 33, Ure/Jondal sentrum N9**, som Hordaland fylkeskommune har motsegn til, **er det ikkje gjort endringar**. Fylkeskommunen har ikkje kome med tilbakemelding på endringsforslaget og det er dermed uavklart om fylkeskommunen trekkjer motsegnene for desse to områda. Det er også uavklart om Hordaland fylkeskommune har motsegn til endringar som er gjort etter fyrste høyring

Kysnes næringspark ynskjer ekspansjonsmoglegheiter. Det er difor **nytt forslag om utviding av N13 til også å omfatte eksisterande ballplass. Til erstatning er det foreslått nytt areal IA2 til ny ballplass aust for fylkesvegen.**

Planføresegnene er endra for å imøtekoma motsegner frå fylkesmannen, Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen.

Akseptkriteria for ROS-analysen er foreslått endra i samsvar med TEK10. Kommunestyret handsamar akseptkriteria for ROS-analyser i eiga sak.

Når det gjeld naturmangfaldlova skal MVA-rapport 2/2007 – Naturtypar i Jondal, leggjast til grunn for handsaming av plansaker, dispensasjonssaker og klagesaker etter plan- og bygningslova.

Planframlegget inneheld fylgjande dokument:

- * Plankart for Jondal kommune, M 1: 30000, dagsett xx.02.20120,
- * Delplan for Kysnesstrand, M 1:5000, dagsett xx.02.2012
- * Delplan for Torsnes, M 1 : 5000, dagsett xx.02.2012
- * Delplan for Jondal, M 1 : 5000, dagsett xx.02.2012
- * Delplan for Svåsand/Sollesnes M 1 : 5000, dagsett xx.02.2012
- * Delplan for Herand, M 1 : 5000, dagsett xx.02.2012,
- * Planføresegner, dagsett xx.02.2012
- * Planskildring, dagsett xx.02.2012
- * Konsekvensutgreiing, med endringar etter fyrste høyring, dagsett xx.02.2012
- * ROS – analyse, dagsett xx.02.2012

Vurdering:

Det er knytt motsegn til at plandokumenta ikkje inneheld planskildring. Det er vidare knytt motsegner til ROS-analysen, føresegner og arealbruk. Endringane er mange og det er difor etter ei samla vurdering avtalt med fylkesmannen å gjennomføre ny høyring og offentlig ettersyn.

Fylkesmannen har etter møte og synfaring varsla motsegn til nytt tiltak, bustadfelt Samland B32 og opprettheld motsegner mot Herandsvatnet T3 og Breivik FT10. For Samland B32 og Herandsvatnet T3 kan det ikkje gjerast endringar som imøtekjem motsegnene utan at tiltaka vert tekne ut av planframlegget. Når det gjeld Breivik FT10 er det mogleg å reduser omfanget ytterligare for å ta meir omsyn til dyrka mark og kulturminnevern. Planutvalet har ikkje handsama desse sakene på nytt og dei vert difor lagt fram for HTN.

TILRÅDING FRÅ RÅDMANN:

1.

Områda Samland B32 og Herandsvatnet T3 vert trekt ut av planen og områda tilbakeført til LNF

2.

Område 64, Breivik FT10 vert ytterlegare redusert for å ta større omsyn til dyrka mark og kulturminnevern

3.

Kysnes næringspark N13, vert utvida til også omfatte eksisterande ballplass. Til erstatning er det sett av nytt areal IA2 til ny ballplass aust for fylkesvegen.

4.

I medhald av plan- og bygningslova § 11-14 vert forslag til ny arealplan for Jondal kommune med føresegner, planskildring, konsekvensutgreiing og ROS-analyse, dagsett xx.02.2012 lagt ut til andre gongs høyring og offentleg ettersyn i 6 veker rekna frå kunngjeringsdato.

Siv Helle Prestegard – Rådmann

31.01.2012 Hovudutvalet for Teknisk og Næring

Jon Steinar Skeie, Sp, sa seg inhabil etter fl § 6a. Utvalet røysta over det og vart samrøystes einige. Jon Steinar Skeie vart då inhabil i delen som gjeld Herand pkt. 1 i tilrådinga frå rådmannen og han leia møte utanom desse punkta.

Sverre Leo Handegard, Sp, gjekk inn som vararepresentant under pkt .1 tilrådinga frå rådmannen. Kurt Sollesnes leia møte.

Framlegg frå Jon Steinar Skeie, Sp:

Felt B 8, Herand, redusert til 20-25 dekar nord austre del av feltet.

Røysting:

Framlegget vart vedteke med 4 røyster for og 1 røyst mot (KrF).

Framlegget frå rådmannen vart røysta for punkt for punkt.

Pkt 2

Område 64, Breivik FT10 vert ytterlegare redusert for å ta større omsyn til dyrka mark og kulturminnevern

Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

Punkt 3:

Kysnes næringspark N13, vert utvida til også omfatte eksisterande ballplass. Til erstatning er det sett av nytt areal IA2 til ny ballplass aust for fylkesvegen.

Framlegg frå Kurt Sollesnes, Ap:

Tillegg til pkt 3.

Det vert sett krav om rekkjefølgjekrav.

Røysting:

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Punkt 4

I medhald av plan- og bygningslova § 11–14 vert forslag til ny arealplan for Jondal kommune med føreseger, planskildring, konsekvensutgreiing og ROS-analyse, dagsett xx.02.2012 lagt ut til andre gongs høyring og offentleg ettersyn i 6 veker rekna frå kunngjeringsdato.

Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

Punkt 1

Områda Samland B32 og Herandsvatnet T3 vert trekt ut av planen og områda tilbakeført til LNF

Framlegg frå Sverre Leo Handegard, Sp:

Områda Samland B32 og Herandsvatnet T3 vert med i planen.

Røysting:

Framlegget vart sett opp mot tilrådinga frå rådmannen

Framlegget vart samrøystes vedteke.

HTN-012/12 TILRÅDING:

- 1. Områda Samland B32 og Herandsvatnet T3 vert med i planen.*
- 2. Område 64, Breivik FT10 vert ytterlegare redusert for å ta større omsyn til dyrka mark og kulturminnevern*
- 3. Kysnes næringspark N13, vert utvida til også omfatte eksisterande ballplass. Til erstatning er det sett av nytt areal IA2 til ny ballplass aust for fylkesvegen. Det vert sett krav om rekkjefølgjekrav.*

4. I medhald av plan- og bygningslova § 11–14 vert forslag til ny arealplan for Jondal kommune med føresegner, planskildring, konsekvensutgreiing og ROS-analyse, dagsett xx.02.2012 lagt ut til andre gongs høyring og offentleg ettersyn i 6 veker rekna frå kunngjeringsdato.

5. Felt B 8 (Tveitehagen), Herand , redusert til 20–25 dekar nord austre del av feltet.

22.02.2012 Kommunestyret

Olav Magnus Hammer, Ap, bad om at hans habilitet vart vurdert, då han er bror til Reidar Hammer som er eigar av område 64, Breivik FT10. Per Gunnar Hammer, H, bad om at hans habilitet vart vurdert på same grunnlag som for Olav Magnus Hammer.

Angunn Handegard Trå, Sp, har sendt e-post til kommunen med spørsmål om habilitet for seg og Jon Steinar Skeie, Sp, vedkomande Herandsvatnet T3.

Desse 4 medlemmene strødde frå under avstemming om habilitet.

Framlegg frå ordførar Jon Larsgard (Sp):

Alle representantane er habile i handsaminga av saka.

Framlegg frå Svein Johan Bakke (Krf)

Dei 4 som er nemnt med namn er inhabile: Jon Steinar Skeie Sp, Angunn Handegard Traa, Sp, Olav Magnus Hammer, Ap fekk 10 stemmer.

Røysting over habilitetsspørsmåla:

Framlegget frå Jon Larsgard, Sp, fekk 3 røyster og fall. Framlegget frå Svein Johan Bakke, KrF, fekk 10 røyster og vart vedteke.

Varaordførar Angunn Handegard Trå, Sp, trødde frå og Svein Johan Bakke vart samrøystes valt som sette varaordførar etter framlegg frå Egil Strømme.

Røysting:

Tilrådinga frå hovudutvalet for teknisk og næring vart samrøystes vedteke.

KS-019/12 VEDTAK:

1. Områda Samland B32 og Herandsvatnet T3 vert med i planen.

- 2. Område 64, Breivik FT10 vert ytterlegare redusert for å ta større omsyn til dyrka mark og kulturminnevern*
- 3. Kysnes næringspark N13, vert utvida til også omfatte eksisterande ballplass. Til erstatning er det sett av nytt areal IA2 til ny ballplass aust for fylkesvegen. Det vert sett krav om rekkjefølgjekrav.*
- 4. I medhald av plan- og bygningslova § 11–14 vert forslag til ny arealplan for Jondal kommune med føresegner, planskildring, konsekvensutgreiing og ROS-analyse, dagsett xx.02.2012 lagt ut til andre gongs høyring og offentleg ettersyn i 6 veker rekna frå kunngjeringsdato.*
- 5. Felt B 8 (Tveitehagen), Herand , redusert til 20–25 dekar nord austre del av feltet.*

08.02.2012 Kommunestyret

Framlegg frå Magnar Sollesnes, Sp:

Eg foreslår å utsetja saka om arealplanen til representantane får setja seg skikkeleg inn i saka. Ny dato 22.02.2012.

Røysting:

Framlegget frå Magnar Sollesnes, Sp, vart samrøystes vedteke.

KS-014/12 VEDTAK:

Saka om arealplanen vert utsett til representantane får setja seg skikkeleg inn i saka. Ny dato 22.02.2012.